

vedlegg

Vidare program for dagen:

- **Matøkt**
- **Omvising på Norsk Motormuseum:**

Deltakarane til Årsmøte fekk omvisning på Norsk Motormuseum. Dei fekk sjå mykje interessant. Det er ein imponerende jobb å organisere og drive og halde museumet i stand. 6-7 mann arbeider på dugnad kvar onsdagskveld, Norsk motormuseum er organisert som ein stiftelse. Det vert vist fram motorar av alle slag, mest båtmotorar, ei gamal skulestove frå Mortveit, gamle fotoapparat, trekkspel, ski, skomakarverkstad, motorsyklar, slåmaskiner, tohjularar var noko av det gjestene fekk sjå.

- **Kåseri av Anders Haugland.**

Seglskutebygginga i gamle Skånevik herad.

Ei stolt histore, båtbygging og skipsfart. (1800-1880) Det sigla 300 skip ut frå Skånevik. Sigla langs kysten og ned i Europa og til og med over til USA.

Skånevik bygger fleire seglskuter enn heile vestlandet 1808-1870. Spesielt jekter som vart brukt til fiskebåtar.

Rivande utvikling i skipsfarten i Norge. 3. største skipsnasjon i verda.

Kvifor gjekk dette så bra i Skånevik? Gode havner, gode furuskog og mykje vasskraft. Dette gjorde at Skånevik var godt egna. Gode vassdrevne sager gjorde at det vart god material.

Skogane vart uthogde, og det vart forbudt å selje materialer til utlandet ei stund. Men skogane veks oppatt og no vart det bygd jekter.

På Leknes vart det bygd båtar etter teikning som ikkje var vanleg.

Galliasar vart bygde. Dei byrja til å med å bygje båtar utan kjøpar, og selde til dei som baud mest. Rike bønder støtta opp. (Sandvoll, Milja)

Strandebarm var sjølve senteret for skipsbygging, og folk herfrå kom til Skånevik.

Sandvoll kjend båtbyggjar, men vart berre 43 år. Fram til 1860 vart dei fleste båtane bygd på Leknes. 1802-1891. Skånevikskutene fekk ord på seg for å lasta godt.

Ei tid var det mykje Nordlandsfart-dette forklarar handel med Russland om tømmer.

17 skipsredarar i Skånevik herad på denne tid.

Polarstjernen var eit av skipa, eit flott skip.

Haugesund vaks fram som ein sjøfartsby. 200 menn frå Skånevik var i sjøfart. Fortuna forliste utanfor Frankrike, alle vart berga. Lydia forliste og heile mannskapet omkom. Bygd i Skånevik.

Skånevik klarte ikkje omstillinga frå segl til damp, og stordomstida for båtbyggjing i Skånevik gjekk nedover og var kommen til vegg ende.

Båtar med damp og motor vaks fram i meir beskjedne former.

- **Kaffi og kake**

Takk for i dag og vel heim!

----- &&&&&&& -----